

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 16.01.2019
SAKSHANDSAMAR: Kristin Osland Lexow
SAKA GJELD: **Oppdragsdokument 2019**

ARKIVSAK: 2019/45
STYRESAK: **005/19**

STYREMØTE: **05.02. 2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet for 2019 til etterretning.

Oppsummering

Tysdag 15. januar 2019 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sitt styringsbudskep, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og i statsråden sin «sjukehustale».

Fakta

Gjennom oppdragsdokumentet stiller Helse- og omsorgsdepartementet til disposisjon dei midlane som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for 2019. Helse Vest RHF skal utføre pålagde oppgåver og gjennomføre styringskrava innanfor dei rammene som er gitt, og dei ressursane som blir stilt til rådvelde i dokumentet.

Oppdragsdokumentet er ein del av ein heilskapleg helsepolitikk. Saman med protokollen frå føretaksmøtet, er dette dei to formelle styringsverkemidla departementet rår over ovanfor dei regionale helseføretaka utover lov og forskrift.

Helse- og omsorgsdepartementets oppdragsdokument til dei regionale helseføretaka blir gitt ut normalt sett ein gong per år, like etter at avgjerda om statsbudsjett for året ligg føre i Stortinget. Oppdragsdokumenta inneheld krav frå Helse- og omsorgsdepartementet om kva oppgåver som skal utførast gjennom året, og kva krav som blir stilt til dei regionale helseføretaka.

Som i 2018 er oppdragsdokumentet samla om tre overordna styringsmål, med tilhøyrande mål, andre oppgåver og utgreiingsoppdrag som skal løysast. Dei tre overordna styringsmåla er:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasientsikkerheit

Kommentarar

I forkant av felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka haldt statsråden sin sjukehustale i Rikshospitalets Store auditorium. I talen blei styringsbudskep og forventningar til spesialisthelsetenesta presentert.

Regjeringa vil skape pasienten si helseteneste, og er oppteken av at kvar enkelt pasient i møte med spesialisthelsetenesta skal oppleve respekt og openheit, og medverknad i val av eiga behandling og korleis ho skal gjennomførast.

I oppdragsdokumentet for 2019 er det mellom anna stilt krav om følgjande:

- Gjennomsnittleg ventetid skal reduserast i alle regionar samanlikna med 2018. Gjennomsnittleg ventetid skal vere under 50 dagar i alle regionar innan 2021.
- Vidare arbeid med uønskt variasjon i effektivitet , kapasitet og forbruk på tvers av helseføretaka med særleg fokus på læring og læringsoverføring.
- Den gylne regel vert vidareført, med krav om høgare vekst innan psykisk helsevern og TSB enn for somatikk på regionnivå.
- Prosentdelen for pakkeforløpa innan psykisk helsevern skal vere minst 80 prosent, og det skal oppnemnast forløpskoordinatorar.
- Prosentdelen somatiske pasientopphald med pasientskade i 2019, målt med metoden GTT, skal reduserast på regionalt nivå samanlikna med 2017. Det skal innførast måltal for skadedata i Nord Pasientregister frå 2020.
- Dei regionale helseføretaka skal, saman med øvrige aktørar, utvikle modellar for utfasing av behandlingsmetodar. Det skal også vurderast om enkelte kirurgiske metodar som blir utført i dag ikkje skal nyttast som rutinar eller berre gjeve spesifikke kriterium for bruk, m.a. grunna manglande forskingsbasert dokumentasjon om effekt, eller fordi det er utvikla betre og tryggare metodar.
- Ny ordning for spesialistutdanning av legar i samsvar med krava i spesialistforskrifta skal setjast i verk.
- Dei regionale helseføretaka skal i samarbeid med næringslivet greie ut korleis nasjonal infrastruktur for «en vei inn» for kliniske studiar NorCRIN kan koplust tettare til næringslivet gjennom ein partnerskapsmodell.

Vedlegg

1. Oppdragsdokument 2019 frå Helse- og omsorgsdepartementet
2. Sjukehusstalen 2019